

Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/10152-1

Godtgjersle for fylkesordføraren for valperioden 2015 - 2019

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

I fylkeskommunen sitt reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår står følgjande i pkt. 1.1:

"1.1 Fylkesordføraren

Godtgjersla vert fastsett for kvar valperiode av det konstituerande fylkestinget.

Godtgjersla vert elles i valperioden regulert i samsvar med pkt. 13 nedanfor."

Fylkestinget skal altså no fastsetje godtgjersla for valperioden, dvs. frå 20. oktober 2015 til det konstituerande møtet i fylkestinget hausten 2019.

Fylkesordføraren si godtgjersle er per 01.01.2015 kr **1 034 300,-**, jf. pkt. 1.1 i regulativet for godtgjersler og vederlag til folkevalde. I samsvar med pkt. 13 i reglementet skal godtgjersla regulerast kvart år per 1. januar. Reguleringa skal skje med den same prosentsatsen som årslønsveksten i det kommunale tariffområdet.

Når det gjeld fylkesvaraordføraren si godtgjersle, har fylkestinget tidlegare vedteke at denne skal vere 85 prosent av fylkesordføraren si faste godtgjersle, jf. reglementet pkt. 1.2.

Dei folkevalde sine arbeidsvilkår (reglementet og regulativet) er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine heimesider (www.sfj.no) under «Politikk».